

Bergen ungdomslag Ervingen

feirar 10 år!

16-18 oktober vert det stor jubileumsfeiring i Bergen, og me ønskjer dykk hjarteleg velkomne!

Om **fredagen** vert det hugnad i Gimle med konsert, release av jubileumsskriftet vårt og føredrag om historia til husa våre Gimle og Fensal som me òg feirar i år. Gimle og Fensal har nemleg vore i ungdomslaget si eige i høvesvis 100 og 50 år i år!

Laurdag er den store jubeldagen. På dagtid vert det ulike kortkurs og seminar. Det vert eit kurs før lønsj og eit kurs etter lønsj, så ein har høve til å prøve seg på ulike ting. Nett kva kurs det vert til slutt er ikkje heilt på plass enno, men truleg vert det kurs i dans, spel, kveding, kor og teater. Det vert òg eit seminar om ungdomshusa i byane med eigen påmelding. På kvelden vert det stor festmiddag med påfølgjande leikfest, buskspel og songkafé i Gimle.

Sundag vert òg litt kurs fram til (ein litt sein) lønsj. Det vert òg skipa egne barnekurs denne dagen, og kl. 16-18 vert det Familiefolkedans med dans, song, kaker, andletmaling m.m. i Gimle.

Billettsalet opnar kring 1. august og vil halde på så lenge det er ledige billetter. Prislister blir noko slikt som dette:

- **Jubelbillett** (*inkluderer alle tilskipingar utanom barnekurs og familiefolkedansen, samt lønsj på laurdagen*)
kr. 900,- for NU-medlemmar og studentar // **kr. 1100,-** for andre
- **Laurdagsbillett** (*inkluderer to kurs på laurdagen, lønsj og inngang til festmiddagen*)
kr. 700,- for NU-medlemmar og studentar // **kr. 900,-** for andre
- **Festbillett** (*inkluderer inngang til festmiddagen*)
kr. 400,- for NU-medlemmar og studentar // **kr. 500,-** for andre
- **Kursbillett** til eit einskild kurs
kr. 250,- for NU-medlemmar og studentar // **kr. 35,-** for andre
- **Barnekursa på sundagen** kostar kr 100,- for eitt kurs og kr. 150,- for to. Inngang på **familiefolkedansen** kostar kl. 60,- for NU-medlemmar og kr. 80,- for andre.

Om de treng overnatting i Bergen har me fått ein god avtale med Hordaheimen. Om de tingar før 11. september ved å sende ein epost til annrita@hordaheimen.no kostar det kr. 695,- for einskildrom per natt inkludert frukost, og kr. 895,- for dobbeltrom per natt inkludert frukost.

Beste helsing,
Torbjørn B. Lauen, på vegne av Bergen ungdomslag Ervingen

